

## Snakhol (gnr. 156)

Snakhol: Gardnamn der førsteleden snak truleg frå først av var brukt spøkande som kjenningsnamn på det gardsbruket Hol, Holen, det her gjeld. Det var fleire gardsbruk Hol, Holen i Rudsbygden i eldre tid.

Snakhol er av dei gamle gardsbruk i Rudsbygden. Garden er omhandla i eit diplom av 1339 og er da i ei bygningsform kalla ”i Snakhollom”. – I år 1561 er namnet på brukaren der skrivi ”Oluff Snackholl”. Han vart da dømt til å svara ei bot på 1 dalar fordi ”han wilde icke giøre Euert Bildt schiutzheste”. Altså var Oluf fra Snackholl skysskaffar alt i den tid. – Fra seksten år seinare finn ein skrivi ”Studtzo”, og garden var da krongods av skyld 1 hud. Ved utlikninga av tiendekorn i 1604 vart tiend av ”Snaghoell” sett til 1 ½ tønne, som for Syverud og Presterud. Sju år seinare var Knudt brukar på ”Snaghoell” og er oppført blant ”Leylenndinge”. Men i 1615 er same Knud Snagholl og ført blant odelsbønder og åtte jordegods til 2 ½ huder landskyld i bemeldte Snagholl. I 1624 er det derimot retta til at ”Knud Snakor” åtte jordegods til 1 hud 2 skinn i Snakor, ½ hud i Rustad, ½ hud i Woldenne og 3 skinn i Guttu i Ringebu. Dessutan åtte da ein Oluff Snakor jordegods til 5 skinn skyld i Snakor.

Etter manntalet for Kopskatten 1645 var det ”Haldour Snaghoell” som hadde tatt over og brukte garden. Han betalde da den utlikna skatten for 1 Mandfolck og 2 Quindfolck med til saman 1 mark 16 skilling i pengar. Om husdyrhaldet på Snaghoel fortel manntalet for Kvegskatten 1657 at buskapen der var da 1 hest, 16 naut og 26 sauer. Om den manlege arbeidskrafta på Snaghoel fortel Mandkjønnsmanntalet av 1665 at den var da 4 vaksne karar. Det var brukaren Halvor Knudsen, ein tenestekar Erik Michelsen, ein husmann, Halvor, og sonen hans, Kristen.

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Snaghoell” fortalt at den samla landskyld av garden var 2 ½ huder, og at brukaren der framleis heitte Halduor og var både eigar og brukar av garden. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 16 naut, og korntiend vart utreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årsavling på 30 tønner. Dessutan er det om Snaghoell i den tid fortalt at enga, innmarka der var ”Temmelig goed, Kand doch icke widere Rødis”, men det var skog til gards bruk og seter og sommarbeite for krøtera på ”Schielbresetter”.

Frå denne tid er elles eit tinglese gavebrev som her er av interesse, og som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Snaghol i Fåberg.

Mellem i Fåberg 17. desb. 1666.

Halduor Snackhoell lot lese et gavebrev av 15. desb. 1666 hvorved han giver sin hustru Tiendgaff och fierding gaffue i land og løsøre, så vel som hans hustru Anne Andersdtr. I lige måde, och hvilken den anden overlever, det fuldkommeligen efter den andens død at lade udskifte sc. Sig ufeilbar at holde efter loven.”

Med matrikkelframlegget av 1723 kom det fleire opplysningar om gardane. Der er det om ”Snaghoel” oppgitt at garden ligg i sollia, er lettbrukt, og at jordarten der er god. Buskapen på Snakhol var da 4 hestar, 20 naut, 14 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 2 ½ tønner bygg og litt rug. Det går vidare fram at dei på garden hadde eiga kvern, og at dei til sine tider også mol for andre. Endeleg er det og opplyst at grd. Snakhol framleis hadde 1 husmannsplass med brukande jord. Eigar og brukar på garden i den tid var Jacob Olsen. Fire år seinare gav elles husbonden Jacob Olsen bevillingsseddel til sonen sin Gudmund Jacobsen på ”pladsen Houli Hoven under gaarden Snaghoell, mod aarlig husleie 2 rd.”

Jacob Olsen som i denne tid var husbond på Snakhol, var gift med Ingeborg Pedersdtr., og dei hadde 8 born. Det var: a. Ole f. ca. 1691, b. Peder f. ca. 1694, c. Gudmund f. ca. 1696, gift med Ingeborg Larsdtr. Flugsrud, d. Johannes født ca. 1702, e. Elling født ca. 1706, gift 1736 med Aase Bentsdtr., f. Lars født ca. 1712, g. Mari gift med Kristen Syversen Sundstuen, h. Boel født ca. 1717 gift med Rasmus Olsen.

Men i 1737 var faren Jacob Olsen død, og eldte sonen, Ole Jacobsen født ca. 1691, fekk i 1738 søskenskjøte på farsgarden Snakhol. Samtidig lånte kjøparen Ole Jacobsen 200 rd. av soknepresten i Fåberg, magister Hans Bircherod, mot 1.pr.pant i Snakhol av skyld 2 ½ huder. Ole Jacobsen født ca. 1691 som da tok over som eigar og brukar av Snakhol, gifta seg med Gunhild Olsdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 3 born. Dei var: a. Ole født 1729, b. Jacob født 1731, c. Ingeborg født 1734. – Men husmora Gunhild Olsdtr. døde alt i 1736, og det var da atter arveskifte på Snakhol. Ved dette skiftet vart arvebuet med jordgodset Snakhol verdsett til 470 rd., men ein merker seg at jordegodset er da berre Snakhol av skyld 2 huder medregistret.

Enkemannen, husbonden Ole Jacobsen f. 1691, gifta seg så i 1739 oppatt med Kari Gudmundsdtr., og dei fekk i sitt ekteskap også 3 born. Dei var: d. Johannes f. 1739, e. Mari f. 1744, f. Jacob f. 1747, gift 1771 med Ane Endresdtr. Kolberg.

Husbonden Ole Jacobsen f. 1791 var framleis brukar og eigar av garden i 1746. Han lånte da 400 rd. av Erich Opjordet mot 1.pr-pant i ”Snaghoel”, da framleis av skyld 2 ½ hud. Men sytten år seinare gav i 1763 faren Ole Jacobsen skjøte til eldste sonen sin, Ole Olsen f. 1729, på grd. Snakhol av skyld 2 ½ hud for kjøpesum 600 rd. i samband med denne handelen lånte kjøparen Ole Olsen 400 rd. av enka Anne Larsdtr. Brunlaug og 200 rd. av Christen Nielsen Grønlien mot 4% årleg rente og 1.pr.pant i ættegarden Snakhol.

Ole Olsen Snakhol f. 1729 hadde i 1766 gifta seg med Sønnev Holmsdtr. Jørstad, og dei fekk i sitt ekteskap 4 born, nemleg: 1. Ole f. 1767, 2 Hans (Aanstad) f. 1769, gift 1797 med Sessel Arnesdtr. Mitjørstad, 3. Jacob f. 1772, gift 1795 med Anne Olsdtr. Nørsteli, 4. Christen født 1774, død i Nordland.

Frå denne tid er eit makeskifte mellom Ole Bentsen Mælum og Ole Olsen Snaghoel. Makeskiftet som gir fleire interessante opplysningar, har elles etter utskrift av panteboka denne ordlyden:

”Snaghoel.

Mageskifte dat. 23 desbr. 1771 tgl. 17 febr. 1772.

Vi underbekræftende, Nemlig Jeg Ole Bentsen Mælum på den Ene, og Jeg Ole Olsen Snaghoel på de Anden side: begge Bosiddende Skattebønder her i Faaberg Hovedsogn: ere med hverandre om et Mageskifte Foreenet og Accorderet, som Følger: Det haver Mælums eller Diseruds opsidder fra umindelige Tider af, haft noget Brug i Snaghoels udmarker med Hugst og Barkeflækning; Men udi Aaret 1715, lod Jacob Snaghoels indstevne Halvor Mælum for nogen Hugst, som Halvor i Snaghoels Skoug til Diseruds Nødvendige Reparation havde Aavirket; Men da de kom for Rættten paa Aastedet, var de saaledes bleven Foreenet, at Halvor Mælum eller Diseruds opsidder skulde have Frihed til Ejendom at Flække Bark saameget hand Kunde takke sin Højlade paa Diserud, og desuden fornøden Gierdefang til at holde sin Andeel i Gierdegaarden som grændser til Snaghoels Ejendeele.

I den Henseende er det, jeg Ole Olsen Snaghoel Allerede Fornemmer at den til min Gaard Hørende Skoug bliver alt Forringe til at holde mine Huuser paa Gaarden i tilbørlig Stand, samt Gierdes Fang og Brende, Naar Mælums eller Diseruds opsidder deri, som sædvanlig skal have Hugst, hvorfor jeg er bleven foreenet med Velagte Medhjelpere Ole Bentsen Mælum, som afstaar den Ret hand haver til Hugst i min Hauge, imod at jeg Forskaffer han endeel Fiskegrund af min Ejendom.

Jeg Ole Bentsen Mælum efter den mellem os gjorde Forening overdrager All den Ret, som jeg hidtil haver haft i brug udi Snaghoels Udmarker, undtagen hvad Huusmanden paa Diserud skal have i Gierdefang, at istandholde den deel af Gierdet, som hannem tilfalder som hand før haver haft og grændser til Snaghoels Ejendeeler, det skal hand have Fri og ubehindret. I det øvrige Kiender jeg mig ingen deel eller Ræt i Nogen Hugst at have udi Snaghoels udmark, Naar Ole Olsen Snaghoel Forskaffer mig det til brug og Ejendom som i vore Accord er indgaet.

Jeg Ole Olsen Snaghoel overdrager til Ole Bentsen Mælum til brug og Ejendom, for den Ræt hand haver til Hugst i min Udmark. Ima et Rysehuul, som ligger ovenfor Traaseter Wolden eller Mælums wolden og haver sin indløb fra Laugen Elv, det skal hand have og gjøre sig det saa Nyttig, som hand best weed og kand, baade med at opgrave og gjerde det den lange Evjen eller Waet som mestedeelen strekker sig indtil Høladen paa Wolden som og hand finder beqvemmeligst til at Fiske, Naar Wandet kommer i høy Wægst, der skal hand have Ræt til at opgerde en Rysgaard om hand finder det fornøden; Men på det sted ikke at opgrave eller opkaste nogen jord, men i Andre Maader saa meget, som hand finder beqvemmeligst til at fiske. 2do. All den Grund som grændser mod Mosholen og Bakvolden, som har været mig tilhørende, og nu er ubrugelig, skal det bemeldte Ole Mælum have til Ejendom, undtagen at jeg selv Forbeholder mig at have Drotten om det hand finder Beqvemmelig, og ikke være til hinder for Mælums opsidder om han finder det for godt at optydde paa volden Lagesildvarp, men skulde det være til nogen hinder skal det ophøre. Og om det skulde hende sig, at Ole Bentzen Mælum eller hans efterkommere fik i sinde paa bemeldte Grund a Rydde et lagesild Warp, da Ligeledes forbeholder jeg mig og efterkommere derudi en Fierde Part enten det bliver Anlagt Endeel paa Traasæter Woldens og endeel paa Snaghoel Woldens Ejendeler, eller og alt paa Snaghoel Woldens Ejendeeler, dog skal jeg Forskaffe en Fierdepart af Alle Materialier og bekostninger, som dertil Behøves og anvendes. Desuden kiender jeg mig eller Arvingar ingen Deel eller Ræt i nogen af de forommeldte stykker Grund at have, Men skal tilhøre Ole Bentzen Mælum og hans Arvingar til Odel og Ejendom. Mod det som Ole Olsen Snaghoel haver overdraget til mig for den Ræt, jeg som Diseruds ejer haver i hans Skoug, overdrager jeg med dette Mageskifte, til den Welagte Mand Ole Olsen Snaghoel og hans Arvingar, al den Ræt, som mig i Snaghoels Skoug er tilhørende, undtagen hvad Diseruds Huusmand tilfalder, som før meldt. Og da vi paa begge sider ere Hjemmelsmænd hver for sit, saa skal det holdes uryggelig Af os og efterkommere. Til des Fastere bekræftelse haver vi begge Wore hænder underskrevet og Wores Brugelige Sigmeter hostrykt, samt Formanet undertegnede 2de Doms mænd med os til Witterlighed at underskrive og Forsejgle Datum.”

Fire år seinare døde i 775 husbonden Ole Olsen f. 1729, og i samband med dødsfallet var det atter arveskifte på ”Snachhoel i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordgodset i arvebuet, Snakhol av skyld 2 ½ hud, taksert for 800 rd., og arvebuet utgjorde brutto 1065 rd., men brutto berre 93 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sønnøv Holsdtr. Snachhoel dei 4 før nemnde enda mindreårige borna i ekteskapet, som framleis alle var i live.

Enka Sønnøv Holmsdtr. Gifta seg så i 1776 oppatt med Andres Engebretsen Ellingsberg, og dei fekk i sitt ekteskap 2 born: 1. Rønnaug f. 1776, 2. Ingeborg f. 1781, gift 1800 med Tore P. Hond. Enka hadde elles sjølv garden til i 1791, da ho skjøta ættegarden Snakhol vidare til eldste sonen sin, Ole Olsen f. 1767, for kjøpesum 898 rd. + føderåd. – Same året, altså i 1791, døde og den 2. ektemannen til husfrua Sønnøv Holmsdtr. Altså Anders Engebretsen Ellingsberg. Ved skiftet etter han finn ein gardnamnet skrivi ”Snaghoel”, og garden vart da verdsett til 859 rd.

Ole Olsen Snaghoel f. 1767, som i 1791 tok over som eigar og brukar av Snakhol, gifta seg med Ragnhild Johansdtr. Og dei fekk 4 born. a. Ingeborg fødd 1792, gift 1812 med Peder O.

Staum, b. Ole f. 1793, gift 1824 med Sønnøv Andersdtr. Aurlien, c. Sønnøv f. 1795, gift med Ole Uroen, d- Ragnhild f. 1797, gift 1819 med Johan Stenersen Homb.

Men den unge husmora Ragnhild Johansdtr. F. 1771 døde alt i 1797, berre 26 år gamal.

Husbonden Ole Olsen f. 1767 gifta seg så, visstnok i år 1800, oppatt med Marte Andersdtr., og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Det var: e. Anders fødd 1801, død same året, f. Amund f. 1803, gift 1829 med Ingeborg Johs.dtr. Onsum, g. Hans f. 1805, h. Karen f. 1807, død 30.12.1825, i. Anne f. 1810, død 7.11.1825, j. Ingeborg f. 1813, gift 1842 med Hans Pedersen Smedsrud, Grønlien.

Om ulykkelege ekteskap på ein husmannsplass under Snakhol fortel ei sak av 27. april 1799. Saka er elles etter utskrift av tingboka framstelt slik:

”Snakhol i Fåberg.

Månedsting for Fåberg, Øyer og Gausdal 27. april 1799.

Foged Lyng har innstevnt husmannen Lars Olsen Snaghoel til at tingsvidnes erhvervelse angående hans barbariske forhold imot sine spede børn.

To vidner forklarte at innstevnte hadde mishandlet sin datter som nu er litt over to år gl. så at benet var brukket ovenfor kneet, hvilket innstevnte tilstod.

Saken var anmeldt av innstevnets svigermor Anne Smerud. Innstevnets hustru Marit Pedersdtr. klaget over sin manns onde forhold mot henne og barn og ønsket å bli fra han.

Fogden begjærte tingsvidnet sluttet.”

Same året, altså i 1799, var det etter ønskje av eigaren Ole Olsen taksasjon over garden Snakhol framleis av skyld 2 ½ hud. Dei oppnemnde taksasjonsmenn Christen Jonsen Mælum og Lars Olsen Kitlien verdsette da garden med ”jord og herligheder” til 1800 rd.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 7 familiar på og/eller ved ”Snaghoel”. Dei var:

1. familie: 1. Ole Olsen, husbonden, 35 år. 2. Martha Ingeborg Andersdtr., kona hans, 28 år. 3. Sønnøv Olsdtr., dotter deres, 9 år, 4. Ole Olsen, son deres, 7 år, 5. Sønnøv, dotter deres, 5 år, 6. Ragnhild, dotter deres, 5 år, 7. Hans, son deres, 3 år, 8. Hans Christensen, tenestkar, 22 år, 9. Christen Johansen, tenestkar, 21 år, 10. Anne Christensdtr., tenestkvinne, 54 år, 11. Helga Olsdtr., tenestkvinne, 16 år.
2. familie: 1. Sønnøv Holmsdtr., føderådskone, 55 år, 2. Christen Olsen, sonen hennar, skreddar, 27 år.
3. familie: 1. Jacob Christensen, legdslem, 70 år, 2. Marit, kona hans, 62 år.
4. familie: 1. Engebret Olsen, husmann med jord, hjulmakar, 58 år, 2. Marit Christensdtr., kona hans, 54 år, 3. Ingebor Engebretsdtr., dotter deira, 14 år.
5. familie: Niels Pedersen, legdslem, 68 år, 2. Marit Christensdtr., kona hans, 70 år.
6. familie: 1. Amund Pedersen, soldat, husmann med jord, 30 år, 2. Sigrid Halvorsdtr., kona hans, 31 år, 3. Peder Amundsen, sonen deira, 5 år, 4. Berit, dotter deira, 2 år.
7. familie: 1. Peder Nielsen, husmann med jord, 2. Marit Engebretsdtr., kona hans, 26 år, 3. Martha Pedersdtr., dotter deira, 2 år.

Ole Olsen f. 1767 var framleis eigar av Snakhol i 1808. Han gav da ein meir enn vanleg inngående husmannskontrakt til Amund Olsen Melbye og denne kontrakta tek vi her med etter utskrift av panteboka:

”Snakhol.

Kontrakt (bruksseddel) Dat. 1808, april 14. Tgl. Mars 8. mellem Ole Olsen Snaghol og Amund Olsen Melbye av Uggedalen av Gusdal. Amund Olsen og hustru Eli Nilsdtr skal så lenge de lever nyde til bruk og rådighet i hjemmemarken AmundRingen med en liten

innhegning nedenfor hvor pladsens huser skal bygges. Det tillates ham å ta bygningsmaterialer i haven, (skal sikkert vera "Hågå'n") hvor det er bekvemmost, til stue, lade, fehus og stabur tillikemed brennefang, dessuten fri havn høst og vår i haven (Hågå'n). Dessuten tillates det ham om sommeren havn for spekalv og en gris når fornødiges. Ole Olsen skal kjøre tømmer til stuebygningen med ler og sten til skorsten. Det tillates han ennvidere å ta så meget løv og bar som han behøver. Til vedlikehold av husene tillates det ham å ta bygningsmaterialer og gjerdefang i gårdens skog. Derimot skal Amund Olsen og hustru svare årlig til gårdens opsidder, i arbeide 16 mælinger å slå og 8 mål å skjære og resten skal betales med penger 1 rd. 2 mark 16 skl. Likeledes skal han forrette skredderarbeide til gårdens opsidder og hans folk, så lenge hans krefter kan tåle det. Dessuten støvler og skindsko."

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Snaghol" oppgitt at buskapen av store husdyr da var 6 hestar og 24 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 78 tønner. Same året finn ein eles fortalt at Ole Olsen Snaghoel lånte 100 spd. i den nye Norges Bank mot pant i garden. Av 1820 er og ein annen obligasjon på 100 spd. i Norges Bank.

Ole Olsen Snaghoel f. 1767 brukte ættegarden Snakhol til i 1825. Da gav han den 28. juni s.å. skjøte til Mads Larsen Smerud på den gamle ættegarden Snakhol framleis av skyld 2 ½ hud. Året etter var i 1826 elles den velkjende husbonden på Snakhol, Ole Olsen f. 1767, død, og det var da atter skifte på "Snaghoel i Faaberg". Ved dette skiftet merker ein seg at arvebuet utgjorde brutto 179 spd. og netto 42 spd., vidare og at dottera Sønnøv da var gift med husmannen Ole Uroen.

Mads Larsen Smerud, som da hadde tatt over som eigar og brukar av Snakhol, gifta seg i 1825 med Karen Pedersdr. Sønsteli, og dei fekk i sitt ekteskap 6 born. Dei var: 1. Anne f. 1826, gift 1847 med Tord Tordsen Arlien, 2. Peder f. 1829. 3. Lisabet f. 1832, 4. Sigrid f. 1835 gift 1848 med Simen Olsen Roland, 5. Helene f. 1838, gift 1862 med Johannes Kristensen Halla, 7. Matea f. 1844 gift 1875 med Peder Johannes Sørlien.

Av 1827 er eit kommisjonsforlik mellom Mads Snaghoel og Ole Pedersen Uroen, som da fekk overdratt plassen uroa for seg og hustru Sønnøv Olsdr. og borna deira for levetida.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk "Snaghol" i Fåberg da som si nye matrikkelskyld: 11 skylddalar 1 ort 22 skilling, og eigar og brukar av garden var framleis Mads Larsen.

Mads Larsen Snaghoel hadde så garden til i 1861, da han skjøta Snaghol av skyld 11 dlr. ? ort 22 skl. vidare til Peder Olsen Toft, Gausdal, for kjøpesum 3000 spd. + eit føderåd verdsett til 400 spd. Med i denne handelen følgde og Sørbø seter i Gausdal.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om grd. "Snaghol" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 321 mål, og av dette var 123 mål jord av 1. klasse.

Samtidig er det vidare oppgitt at husdyrhaldet på sjølve garden Snakhol da utgjorde: 5 hestar, 24 storfe og 22 småfe, men dertil var det på husmannsplassane under Snakhol til saman 7 storfe og 8 småfe. Først på same måten var utsæden i den tid på sjølve Snakhol gard: ca. 17 ½ tønne korn og 13 tønner settepoteter, men dertil var det sådd og sett på husmannsplassane til garden ca. 4 tn. korn og 4 tn. poteter.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen. Her vart gardnamnet skrivi Snakhol, og garden fekk ei samla skyld av 15,61 mark. Eigar og brukar av garden var framleis Peder Olsen Toft.

Men husbonden Peder Olsen Toft døde nett same året, og skifteforvaltaren i buet hans gav den 31. mars skjøte til Tobias og Olaus Pedersøner på grd. Snakhol med Sørbø seter for kjøpesum kr. 11.600,-. Samtidig fekk 4 umyndige arvingar etter Peder Olsen Snaghol og hustru eit skifteutlegg på til saman kr. 1.432,-.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1901 fire personar med røysterett på Snakhol. Dei var: 1. gardbrukar Tobias Pedersen Snaghol, 49 år, 2. gardbrukar Olaus Pedersen Snakhol, 44 år, 3. gardbrukarson Martinus Pedersen Snaghol, 32 år, 4. gardbrukarson Kristian Pedersen Snaghol, 26 år. Dessutan budde det da to personar med røysterett på plassen Uroen. Dei var: 1. husmann Even Arnesen Uroen, 57 år, 2. husmor Kristine Olsdtr. Uroen, 63 år.

Av handlar i seinare tid med grn. 156 Snakhol og/eller parsellar av garden tek vi vidare med at visstnok i 1923 overtok så Rønnaug Kristiane og Petra Snaghoel grn. 156, brn. 2 Roen av skyld 1,00 mark. I 1937 kjøpte Martinius og Kristian Snaghoel grn. 156 brn. 3 Snakhollvollen av skyld 2,30 mark, og i 1938 kjøpte Simen Rønning grn. 156 brn. 4 Myrvangsvollen av skyld 0,70 mark. Vidare kjøpte i 1944 Asbjørn Kalstad garden Snakhol av M. Snaghol.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det under grn. 156 to gardsbruk som kvar for seg hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei var: 1. Grn. 156 brn. 1 Snakhol med et jordbruksareal på ca. 143 mål, som Martinius og Kristian Snaghol var eigarar og brukarar av, b. grn. 156 brn. 2 Uroen med eit jordbruksareal på ca. 20 mål, som M. og kr. Snaghol var eigarar og brukarar av, men som Anton Tobiassen da brukte.

I tillegg til denne samantrengde saga åt garden Snakhol tek vi her elles med om ein "Fattiggut frå Fåberg som vart skog-millionær", nemleg Ole Olsen Uroen fødd 1823 av foreldre Sønnøv og Ole Pedersen Uroen.

Det er M. Høgåsen som i ein avisartikkel i "Gudbrandsdølen" fortel dette på sin eigen interessante måte:

Uroa var ein liten plass i vegkanten. Det var ferdamannskvile der, og den tid nikkilverket gjekk i Espedalen var det folk ut og inn heile dagen. Det var aldri roleg der, og så var det vel folketunga som gav heimen det artige namnet Uroa.

Her vart det nyttårsdagen 1823 fødd ein gut som vart heitande Ole Olsen. Det var nok svarte armoda i huset, og barnetalet var stort, heile tylfta full. Det var han som drog ut i verda og hadde slik tur at han vart millionær.

Han tok ut i verda for å få seg tenest, og han gjekk berrføtt dei 8 milene til Furnes. Skoa bar han i sekken for å spara på solane. Han feste seg på Furnes, fekk arbeid på ein gard som målar. Sidan gjekk han til Oslo og tok sveinebrev i målarfaget og arbeidde der i 6 år. Enno var det berre smått med han. Da var det han slumpa til å dra opp til skogbygdene ved Glåma, til Grue i Solør for å måle på storgardane der. Det var ikkje råd til slik luksus i småheimane enda.

- Enno var det smalhans med karen i mange år. Når han skulle ut og reise, laut han låne seg klede. Ein gong lånte han bukser da han skulle fri til ei Lovise Voll. Ho var frå ein storgard, og ho tykte vel om gudbrandsdølen. Han kom fleire gonger – i lånte klede.

Med målararkosten sin kom han i arbeid hos fanejunker Knut Gundersen Sorknes. Han var storbonde og skogeigar, gjorde som så mange andre: kjøpte skog og selde tømmer, og hadde flaks så for det meste.

- Ein dag baud han Ole målar slå lag om kjøp av ein liten skogteig. Målaren skaut inn det han hadde lagt seg til beste og spelte i det grøne lotteri for fyrste gong. Han fekk bra vinst, så bra at no sa Ole Olsen farvel til målararkosten og slo seg på skoghandel. – Skulle han kjøpe tømmer på rot eller kjøpe heile skogar, gjekk han dei nøye og vel over og brukte augo og reknevetten sitt. Han var gløgg til å rekne ut kva han kunne få ut av ein handel, så gløgg at det klikka aldri. No var lykka hans gjort, og det lakka til storkar. I 1848 gifta han seg med si Lovise og kjøpte sidan ein gard som heitte Huseby. I 1864 kom herregarden nordre Grøsset på handel. Da selde han Huseby og kjøpte Grøsset. Her levde han gildt og herskapeleg.

Morsyster si tente hos "Grøsset-Olsen", så eg hørde gjete og såg nok litt av velstanden au – på avstand. Løna for tenestejenta den tid var kr. 18,- for året, stoff til ein kjole, eit par støvlar og eit par skog og 16 alner lerret.

Gubben på Grøsset førde nøye rekneskap over stort og smått. Han heldt arbeidsfolk med butikkvarer. Han kunne krevja inn ei krone borti bygda. Ein sa til han: At du sender nokon i veg til å krevja inn så lite lell! – Je vil itte lære opp folk til uvanar, sa han. Men han kunne gi etter 10 kroner hos ein arbeidsmann som trong det.

Det var mange som spekulerte i skog den tida og seinare, men få, kanskje ingen gjorde det betre enn denne husmannsguten frå Fåberg. Til slutt sat han med bortimot 100.000 mål skog. Han hadde berre ei dotter, og ho heitte Dorthea. Det kan vel hende at ho vart gjæv da ho kom i giftande alder. Mange var frampå og freista lykka si hos denne skog-prinsessa. Mellom dei mange var det au ein løytnant-sprett, Hakon Hansen. Far hans var skomakar frå Odalen, dreiv på sine eldre dagar stor skoforretning i Tollbugata i Oslo.

Det er slik ein svær bjørkeallé opp til Grøsset. Ein dag gjekk skogeigaren og løytnanten opp mot garden, og løytnanten let vel om den fine alléen. Ja, det kunne vorti mange leister her, sa gubben, Det kunne ha blitt mange malerkostskaft også, sa løytnanten. Det tykte gubben var godt svara. Løytnanten vart gift med ho Dorthea, og da Ole Olsen Huseby fall bort i 1911, overtok dei det veldige godset. Hakon Hansen var generalmajor i 1914. Det vart to born: Inga gift Gjems og Tjøstolf som er gudbrandsdalsnamn.

I 1912 brann garden, men generalen bygde oppatt i same stil på same grunnmur, men hengde attpå ein fløy.

Tjøstolf tok namnet Falkner, eit namn ingen annan har hatt her i landet. Han reiste mykje i utlandet, kunne vera borte heile året. Han var mykje i Sør-Europa.

Han ervde Grøsset gard og 40.000 mål skog. Han var glad i hestar, men elles var han noko stille og attknept. Han var ein fåmælt mann som få i bygda kjende eller hadde omgang med. Han vart nok sjølv ein framand i si eiga fødebygd. For noko mange år sidan slo han seg på ein kjøretur med ein av hestane sine. Sidan har han isolert seg reint. Det går det ordet at han er katolikk.

Han har hyra kunnige folk til å stå i med jord og skog i mange år. Så alt har vore i beste skikk. Han har leigt hushaldar som har til oppgåve å stelle mat og halde huset i skikk og orden og halde framande folk borte. Han vil ikkje ta imot nokon annan enn doktoren når det er bruk for slike karar.

Han har no bode fram skogen sin for 1,6 millionar kronar, og for ei tid sidan kom det proposisjon om kjøp, men saka vart utsett i Stortinget. Landbruksdepartementet ville undersøke noko om odelsretten.

Det har vore på tale å gjera godseigaren, som no er kring 80 år, umyndig. Han skulle vera åreforkalka. Det vart avvist av doktorane. Skyldfolket hans vil freiste å ta skogen på odel og har sikra seg lån hos store trelastselskap i Østfold og Oslo, heiter det.

Mange er spent på korleis det vil gå, om staten eller skyldfolket skal bli ved skogen.

Mange interesserte småbønder utan skog har meldt seg som interesserte.

Disse skogane er kjøpt frå gardar som for ein del har vore skoglause. Det er halde fram at die no burde få høve til å kjøpe att skogen.

Eg for min part tykkjer at staten bør gjera Grøssetskogen til ålmenning.

Gudbrandsdalen, Hadeland og Ringsaker t.d. har store ålmenningar som er til svær hjelp og stønad for bygdefolket. I heile Solør finst det ikkje noko som heiter ålmenning. Dalføret låg så nær by og hamn at tømmeret her vart ei gjev salsvare alt på 1600-talet, og det som ein gong her heitte kongens ålmenningar vart tidleg borttuska og kom for ein stor del i hendene på utanbygds selskap og spekulantar. I Grue er 1/3 av skogen på utanbygds hender.

Eventyret om Grøssetskogen er enno ikkje slutt. I 1963 skal Stortinget til å skrive eit nytt avsnitt av eventyret.

M. Høgåsen

Dette var, som ein skjønar, skrivi før Stortinget nå i 1964 har gjort vedtak om at Grøssetskogane skal kjøpast.

A.H.